



STORD  
KOMMUNE



kristorshøyen

# Plan for rettleiing av nyutdanna pedagogar i barnehage



Foto: Kari Aas

Planen er administrativt godkjent og gjeld frå september 2013.  
Oppdatert august 2018

## INNLEIING

---

Nyutdanna pedagogar har etter ferdig utdanning fått kunnskap og kompetanse som dei skal prøva ut. Forsking viser at systematisk rettleiing gjer det enklare for dei å omsetja teori til praksis. Dei bør difor ha nokon å rådføra seg med dei fyrste åra.

St. meld. nr. 41 (2008-2009): **Kvalitet i barnehagen:** (...) alle nyutdannede lærere i barnehage og skole bør tilbys veiledning det første året i yrket. Veiledning bidrar bl.a. til at de nyutdannede bedre ser nytten av det de har lært i utdanningen og styrker sin faglige identitet.

Kunnskapsdepartementet og KS har inngått avtale om å arbeida målretta for at nyutdanna pedagogar i barnehage og skule skal få tilbod om rettleiing. Denne planen er det første steget mot systematisk rettleiing av desse pedagogane.

Nyutdanna pedagogar i kommunale og ikkje kommunale barnehagar i Stord kommune får, i tillegg til rettleiing på arbeidsplassen, tilbod om rettleiing i nettverksgruppe i ein periode på 1 – 2 år.

### **Aktuelle nettsider**

- <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veiledning-av-nyutdannede/>
- [www.nyutdannede.no](http://www.nyutdannede.no)
- [https://www.udir.no/globalassets/filer/organisasjon-kompetanse/kompetanse/art.serie\\_net\\_07.pdf](https://www.udir.no/globalassets/filer/organisasjon-kompetanse/kompetanse/art.serie_net_07.pdf)

## STORD KOMMUNE SOM BARNEHAGEEIGAR

---

Stord kommune ynskjer god kvalitet på arbeidet i barnehagane. Systematisk rettleiing av nyutdanna pedagogar skal vera med å sikra dette.

Stord kommune definerer barnehagelærarar som nyutdanna i eitt til to år med relevant arbeid.

I starten av eit nytt barnehageår er det ekstra travelt i barnehagane. Å ha ein kontaktperson som ein kan spørja om ting er difor trygt for nyutdanna. Arbeidsplassane bør ha system for dette.

Den/dei som skal vera rettleiar for nyutdanna pedagogar bør ha rettleiingspedagogikk. Erfaring frå andre kommunar tilseier at i tillegg til *ein til ein rettleiing* på arbeidsplassen, er det positivt og nyttig å tilby rettleiing i nettverksgruppe nokre gonger i halvåret.

### Mål rettleiing nyutdanna pedagogar i barnehage

- God overgang frå utdanning til arbeidsliv
- Rekruttera og halda på barnehagelærarar
- God start på yrkeslivet
- Tryggleik /trivsel/utvikling i jobben
- Kontakt med andre nyutdanna

### Rettleiing på arbeidsplassen

Overgangen fra utdanning til yrke kan vera utfordrande, og det kan difor vera godt å ha ein meir erfaren kollega å støtta seg til undervegs. Spør leiaren din om barnehagen har tilbod om rettleiing, dersom du ikkje har fått informasjon om dette.

Styrar lagar system for *ein til ein rettleiing*.

### Rettleiing i nettverksgruppe

Ved rettleiing i nettverksgruppe drøftar deltakarane problemstillingar som går att og deler erfaringar. Tema på samlingane vert valt ut frå det dei nyutdanna har behov for.

Val av metodar bør variera ut frå problemstilling. Det er viktig at samlingane er praksisnære og konkrete.

Nettverksrettleiar har ansvar for å:

- ✓ bestemma tema for rettleiinga saman med dei nyutdanna
- ✓ organisera rettleiinga

## ORGANISERING INNHOLD OG ANSVAR

---

### Rettleiar- nettverksgruppe

- har vidareutdanning i rettleiingspedagogikk
- har ansvar for planlegging og tilrettelegging av arbeidet i nettverksgruppa
- lagar ein plan for rettleiinga med bakgrunn i ynskje og behov
  
- Samlingane varer i to timar.
- Rettleiar kallar inn til møta.

### Rettleiar - arbeidsplassen

- har yrkeserfaring og bør ha vidareutdanning i rettleiingspedagogikk
- får tid til å førebu og gjennomføra rettleiing
- lagar ein plan for rettleiingstiane med bakgrunn i ynskje og behov

### Arbeidsformer - nettverksgrupper og arbeidsplass

- Samtale/drøfting av aktuelle problemstillingar: både nyutdanna og rettleiar kan melda inn tema
- Samtale/rettleiing individuelt og i grupper: kontinuerleg vurdering av behov

### Aktuelle tema

- Leia ei barnegruppe
- Utfordringar i relasjon til enkeltbarn
- Barn med særlege behov
- Leiing og samarbeid med assistentar og fagarbeidarar
- Konflikthandtering og kommunikasjon - relasjonar til kollegaer og barn
- Samarbeid barnehage - heim
- Profesjonell utvikling - ta vare på seg sjølv

## ÅRSHJUL RETTLEIING NYUTDANNA PEDAGOGAR

Tidspunkt	Innhald	Ansvar
<b>August</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nyutdanna pedagogar får rettleiar på arbeidsplassen</li> <li>Informasjon om system, planar, m.m.</li> <li>Utarbeida plan for rettleiing på arbeidsplassen</li> </ul>	Styrrar/rettleiar i barnehagen
<b>September</b>	Nettverksamling for nyutdanna pedagogar i barnehage <ul style="list-style-type: none"> <li>Generell informasjon om kommunen som arbeidsgjevar og organisasjon</li> <li>Informasjon om kommunen sine verdiar, planar, retningslinjer, m.m.</li> </ul>	<i>Kommunalsjef/barnehagefagleg rådgjevar/rettleiar for nettverksgruppa</i>
<b>Oktober</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>November</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe</li> </ul>	<i>Rettleiar for nettverksgruppa</i>
<b>Desember</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Januar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe</li> </ul>	<i>Rettleiar for nettverksgruppa</i>
<b>Februar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Mars</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe</li> </ul>	<i>Rettleiar for nettverksgruppa</i>
<b>April</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Mai</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe og oppsummering/evaluering av året</li> </ul>	<i>Rettleiar for nettverksgruppa</i>